


Døsslandspil vann i Bergen

26.02.2009



Femåringen Døsslandspil, som er eigd og vert trent av Halvard Døssland, vann løp nummer sju i Bergen Travpark torsdag kveld. Hesten har dermed vunne to gongar på sju startar. Førre gongen var på slutten av fjarårs sesongen.

Kusk var også denne gongen Øyvind Austevoll.

Døsslandspil fekk kilometertida 1.35 i dette løpet og det er eigaren svært godt nøgd med. Hesten har i tillegg til dei to sigrane fått premie fire gonger.

Døssland fortel til uskedalen.no at det vart eit utruleg spennande løp.

Døsslandspil starta med 40 meter tillegg og avanserte fram i feltet sakte, men sikkert. I innspurten tok hesten innpå centimeter for centimeter og vann med hårfin margin foran Mørтvedt Ravn (biletet)

- Vann du mykje pengar denne gongen?
- Ikkje så veldig mykje, det vart 10.000 kroner. Men det er jo pengar det og.

Av Ola Matti Mathisen



Døsslanspil (bak, nærmest fotografen) nærmer seg teten i Bergen torsdag. Mørtvædt Ravn (lengst til høgre) leiar framleis, men slik var det ikkje i mål. (Foto: Iver Bunes)